

## POLITISK PLATTFORM

### Vedtatt på Landstinget 2020



«Norsk kulturskoleråd er en interesse- og utviklingsorganisasjon som arbeider for å fremme kvalitet i opplæringen innen kunst og kultur for barn, unge og voksne med utgangspunkt i de kommunale kulturskolene.» (Norsk kulturskoleråds formålsparagraf).

Dei kommunale kulturskulane sitt samfunnsoppdrag er forankra i opplæringslova §13.6, i FN sin barnekonvensjon; art. 30 og 31, og i rammeplanen «*Mangfald og fordjuping*» (2016).

Den politiske plattformen skal konkretisere dei viktigaste områda som organisasjonen har politiske ambisjonar knytt til. Saman med vedtekne strategiar seier den noko om dei gjeldande politiske prioriteringane både på nasjonalt og regionalt nivå i kulturskolerådet, og korleis organisasjonen skal arbeide med desse.

## **Norsk kulturskoleråd sin visjon er «Kulturskole for alle».**

Med utgangspunkt i visjonen og innleiinga på framsida, vil Norsk kulturskoleråd arbeide opp mot nasjonale og regionale myndigheiter for å betre rammevilkåra for dei kommunale kulturskulane.

### I perioden 2021 – 2024 er det målsetning om at:

- kulturskolane får ei sterkare forankring i Opplæringslova, der oppgåvene til kommunane, fylke og stat vert tydeleggjort.
- Utdanningsdirektoratet får eit utvida ansvar for utviklinga innan kulturskolefeltet, på linje med dei andre lovfesta skoleslaga.
- det vert innført ei ordning med årlege stimuleringsmidlar som kommunane kan søkje på, for å utvikle nye tilbod, ny metodikk og/eller inkludere nye brukargrupper – innanfor alle dei tre programområda i rammeplanen.
- det vert eit auka fokus på forskingsbasert utviklingsarbeid, og samarbeid mellom UH-sektor og kulturskulane sitt praksisfelt. I tillegg vil kulturskolerådet jobbe for at det vert etablert partnerskap mellom kommunar, UH-institusjonar og forskarar.
- kulturskolane får ei betre forankring i kommunane sitt planverk og tenesteproduksjon. I utviklinga av framtida sin kommune, kommune 3.0., må kulturskolane få ei tydelegare rolle som samfunnsaktør.
- kulturskolefeltet søker å redusere miljøavtrykket, blant anna ved å inkludere FN sine bærekraftsmål i sitt planverk.
- Norsk kulturskoleråd skal aktivt jobbe inn mot sentrale myndigheiter for at nasjonale standardar for kulturskolebygg vert følgde opp, og for å utarbeide nasjonale standardar på område der dette ikkje finnes. Norsk kulturskoleråd skal aktivt jobbe for tilskotsordningar for bygging og oppgradering av kulturskolebygg.